Dersom vi beregner tildelt energi og protein ut fra praktiske fôrplaner (Tabell 5.1 til 5.5) og oppgitte fôrverdier (Fôrtabell 2008), kan energi og proteintildeling sammenlignes med de anbefalte normer for kalv (Tabell 4.1). En slik sammenligning viste at fôring i samsvar med fôrplanene ga mellom 1,7 MJ/d overdekning og 3,5 MJ/d underdekning av energi i forhold til behovsnormene. Dette er innenfor de variasjoner en kan forvente i praktiske situasjoner. Tilsvarende beregninger for proteinforsyning viste at fôrplanene ga mellom 85 g/d fordøyelig råprotein i overdekning til 126 g/d i underdekning i forhold til behovsnormene. De største avvik i proteinforsyning var for kalver på 50 og 60 kg med høy tilvekst (1000 g/d). Dette er i perioden med melkefôring, og mens fordøyelsessystemet ikke kan omsette mye kraftfôr og grovfôr. Generelt viste beregningene at det er tilfredsstillende samsvar mellom oppgitt normer og anbefalte fôrplaner. Resultatene er også i overensstemmelse med tilvekstresultater som er oppnådd i de forsøkene som ligger bak fôrplaner oppgitt i Grøndalen m.fl.(1984), Tine (1998) og Havrevoll (2009).

6.0 Ulike fôringssystem

Amming er den naturleg måten å få i seg næring på for spedkalv og andre pattedyr. Men mjølk blir vanlegvis tildelt frå bøtte, kalvebar eller automat på mjølkebruket enten i heile eller delar av mjølkefôringsperioden. Ulike fôringssystem kan vera akseptabel både ut frå krav til vekst og dyrevelferd hos kalven. Friske kalvar med nok plass veks etter den næringa dei får, og dette er lite påverka av fôringsmåten (Matre 1982). Men fôringssystemet spelar ofte ei rolle for fôrnivå eller mjølkemengder per dag i tillegg til val av fôrmiddel og arbeidsforbruk.

6.1 Effekt av mjølkefôring på opptak av kraftfôr og grovfôr

Mjølk er hovudfôret til kalven dei første vekene. Men kalven skal ha tilgang på kraftfôr og velberga og tidleg hausta grovfôr alt frå den første leveveka. Fri tilgang på mjølk vil redusera interessa for tørt fôr (Roy 1980, Foldager 1993, Jensen 2006, Nielsen m fl. 2008). Mindre opptak av tørt fôr, vil seinka utvikling av drøvtyggarfunksjonen. Når kalven får fri tilgang på syrna og romtemperert mjølk, vil han drikka 8-9 liter per døgn (Foldager 1993, Nielsen 2008) og gjerne opp mot 10-12 liter per dag ved 5-6 vekers alder (Havrevoll 1987).

Resultat frå eit stort dansk forsøk med ulike mengder heilmjølk tilsvarande 400, 600 og 800 g mjølketørrstoff per kalv og dag viser at kalvane som fekk mist mjølk åt 1 kg kraftfôr dagleg ved 5 vekers alder, mens kalvane med mest mjølk i rasjonen åt denne kraftfôrmengda først då dei var 10 dagar eldre (Foldager m fl. 1986).

6.2 Metode for mjølkefôring

Kalvar i naturleg oppal syg gjerne mor si 6-8 gonger i døgnet dei første vekene. Når ein gir kalven i porsjonar anten frå spene eller bøtte, skal mjølka vera kroppsvarm og ein må ikkje gi så store porsjonar at det overfyller løypen. For kalv på 40 kg er ofte 2 liter per mål nok, mens ein kalv på 60 kg kan tola 3 liter. I moderne kalvedrikkeautomatar kan dagsrasjonen styrast individuelt med maks mengde tildelt også per gang. For små mengder og mange måltid i døgnet gjer kalven urolig, og det kan virka uheldig for fordøyelsen av mjølka i løypen (Nielsen 2008). Som ein tommelfingerregel kan ein gi opptil 0,5 l mjølk per 10 kg levande vekt per mål (Havrevoll 2009). I fôrautatar bør minimum mengde tildelt mjølk per gang vera 1,5 l. Det gjer at kalven kjenner seg mett og har mindre interesse for å suga på andre kalvar. Større rasjonar fører til færre besøk og mindre trengsel ved automaten.

Amming er ein metode som er både naturleg og mykje nytta også på mjølkebruket. Vaksne kyr kan gjerne ha opp til 3-4 kalvar samtidig med fleire sett med kalvar i løpet av ein laktasjon slik at kalvane blir tatt bort frå ammeku etter ein sugperiode på 2-3 månader (Berg og Matre 2001, Grøndahl m fl. 2007, Loberg 2007). Både mjølkefôringsautomat og amming reduserer arbeidet samanlikna med bøttefôring. Ulempene med begge desse metodane kan vera meir smittespreiing i periodar med sjukdom hos kalvar som går saman.

Bøttefôring frå enkeltbøtte eller spenefôring frå kalvebar er truleg dei mest brukte metodane for tildeling av mjølk (Matre 1982, Tine 1998, Havrevoll 2009). God kontroll med kalven, lett å bruka både søt og surna mjølk, enkelt med reinhald og ofte rimeleg

fôringsutstyr er fordelar med desse metodane. Ulempa med enkeltbøtter samanlikna med kalvebar er meir arbeid og gjerne meir skadeleg suging på kvarandre før og etter fôring når kalvane går i fellesbinge. Av omsyn til kalvevelferd tilrår Helseteneste for storfe ikkje bruk av bøttefôring.

Ved bruk av kalvebar er det viktig med minimum éin smokk tilgjengelig per kalv i gruppa for å sikra fôrintak hos kvar enkelt kalv, og for å unngå at dei sug på kvarandre. Kalvebarar kan ein få med felles fôrbeholdar for alle kalvar og med separate mindre avdelingar for kvar smokk. Bruk av kalvebarar inndelt i separate avdelingar gjer det enklare å sikra mjølkeinntaket hos kvar enkelt kalv i forhold til barar utan inndeling. Men forskning viser at det ikkje synest å vera nokon forskjell på mjølkeinntaket hos kalvar fôra frå dei to typane når det er minst éin smokk tilgjengeleg per kalv i bingen (Nielsen m fl. 2008). Kalvar vil konkurrera om mjølka uansett kva system ein vel, og ved bruk av smokkar vil dei ofte bytta smokk dersom mjølkestraumen blir redusert etter kvart som fôrtanken blir tømt. Dersom kalvebaren har eitt felles rom, vil alle kalvar vera ferdige samtidig og ein reduserer dermed denne bytinga og konkurransen om andre smokkar. Det er viktig å bruka rett type smokk. Enkelte typar har vist seg å vera for stive til å eigne seg for dei minste kalvane.

Ved bøttefôring og kalvebar kan det brukast både surna og fersk mjølk. Heilmjølk med kjemiskurning utan kaseinkoagulering og mysebasert erstatningsmjølk passar best til elektroniske mjølkefôringsautomatar. Tjukksurning med utfelling av kasein vil føra til behov for ekstra røring i mjølkefôret for å unngå tetting av systemet og for å kunna tildela homogen mjølk til kalven (Bøe og Havrevoll 1988)

6.3 Avvenning

Kalven kan avvennast frå mjølk når han er 5-6 veker gammal (Roy 1980, Heinrichs og Jones 2003). I norske fôrplanar blir det tilrådd med avvenning ved 8-10 vekers alder (Tine 1998, Berg og Matre 2001, Havrevoll 2009). Dei fleste avvenner kalven etter alder, men avvenning etter vekt eller helst opptak av kraftfôr er best. Kalven kan avvennast når han et 0,75 kg kraftfôr per dag. Men i ei gruppe av kalvar med stor variasjon i fôropptak må ein ta omsyn til dei yngste og minste kalvane i gruppa. I praksis er det derfor ein grei strategi å avvenna kalvane når dei i gjennomsnitt et opp mot 1 kg kraftfôr per dag.

Det er viktig at kalvane har fri tilgang på reint og friskt vatn. Nedtrapping på mjølkerasjon over 14 dagar vil stimulera til auka opptak av kraftfôr og gjera avvenninga lettare. Dette er spesielt viktig når ein gir store mjølkemengder (Foldager m. fl. 1986, Nielsen 2008). Kalvar som skal seljast som fôringskalv utan å få mjølk på den nye staden, skal vera avvendt frå mjølk minst 14 dagar før levering. Dette skal stå på eigenerklæring ved omsetting av kalven.

6.4 Kalveåtferd og kalvevelferd

Fôring, suging, leik, kroppspleie og kvile er naturlige og viktige aktivitetar til små kalvar. Kalven er eit flokkdyr som ynskjer å ha sosial kontakt med andre dyr spesielt

når han blir eldre. Det er derfor viktig å leggja opp til at fôring, stell og oppstalling tilfredsstiller dei åtferdsbehova kalven har.

Auka fokus på dyrevelferd i tillegg til større buskapar har ført til meir bruk av gruppeoppstalling av kalv. Gruppeoppstalling gjer det mulig for kalven å få dekkja sine åtferdsbehov av sosial karakter slik som leik, eting og visse typar kroppsspleie. I gruppeoppstalling oppstår det lett konkurranse om fôret. Konkurranse i bingen kan vera gunstig for fôropptaket (sosial stimulering), men det må ikkje gå ut over fôropptak og trivsel til små og svake dyr i gruppa. Uansett kva fôringssystem ein vel, er det difor viktig å ha små grupper, helst på 4-6 dyr (ikkje over 10) med liten aldersforskjell, helst mindre enn fire veker.

Smokkfôring blir tilrådd for å dekkja sugebehovet og fordi det gir ein mest mulig naturlig etestilling. Når sugebehovet blir dekt under fôring, unngår ein at kalvane sug på kvarandre særlig i tida rett etter fôring (Bøe og Havrevoll 1988, Jensen 2006).

Ved bruk av mjølkefôringsautomatar vil større dagsrasjonar føra til færre besøk i stasjonen og rolegare kalvar. Det vil også bli mindre konkurranse mellom kalvane. Den same effekten vil ein få med tilgang på større porsjonar per gong (Jensen 2006, Nielsen 2008). Det er viktig å ha ro i kalvegruppa fordi unge kalvar har behov for opptil 18 timars kvile per døgn og nokre av desse bør vera svevn.

Amming er naturleg for kalven og gir god dyrevelferd (Grøndahl m. fl. 2007). Ku og kalv blir nært knytt til kvarandre og når kalven skal avvennast, medfører avvenning både endra fôring og bortfall av sosial kontakt med kua. Problemet syner seg når kalven blir tatt bort frå mora. Dersom kalv og ku kan ha kontakt gjennom bingevegger nokre dagar ved fråvenning, vil det letta skiljet mellom mor og avkom.

6.5 Hygiene

Melk og melkebaserte produkter er et svært godt medium for bakteriell vekst. De uønskede bakteriene vokser stort sett best når melka har en pH på 6 - 8. I tillegg til streng hygiene kan derfor syrning av melka være en måte å begrense den bakterielle veksten på. Men syrning skal være et tillegg til renhold, det skal ikke kompensere for renhold. Streng rutiner for rengjøring av alt fôringsutstyr er derfor svært viktig for å unngå sjukdom og redusert fôropptak hos kalvene. Ved bruk av bøtter, skal disse rengjøres etter hver fôring. Man må også være nøye med hygiene av kalvebarer med separate rom for hver smokk, som kan være vanskeligere å holde rene i forhold til kalvebarer med kun én beholder. Ved bruk av datastyrt melkefôringsautomater er det svært viktig å følge produsentens anbefalinger når det gjelder vask og rengjøring.

6.6 Oppstalling i kalde omgivelser

Så lenge omgivelsestemperaturen til kalven er innenfor den termonøytrale sone, vil ikke variasjon i temperatur påvirke næringsbehovet. Den nedre kritiske temperatur, dvs. den temperaturen når kalven må bruke ekstra energi for å holde på kroppstemperaturen på ønsket nivå, er avhengig av alder, fôrnivå og ikke minst trekk og liggeunderlag. Når kalven blir oppstalla i trekkfrie og tørre binger med varmeisolerende liggeplass, er det liten grunn til å tenke på ekstra fôr pga. låge

temperaturer i isolerte fjøs. Oppstalles kalven derimot utendørs kan det på vinterstid være perioder, der kalven bruker energi for å holde seg varm. Kalven har evne til å holde seg varm ved hjelp av forbrenning av energi (gule felt i fig 6.1), men blir omgivelsestemperaturen mye lavere enn den nedre kritiske temperatur vil kalven ikke klare å opprettholde riktig kroppstemperatur over lang tid (rødt felt i fig 6.1).




Fig. 6.1. Antatte kritiske omgivelsestemperaturer for kalv. I det blå område har kalven ingen ekstra energikostnader for å holde seg varm. I det gule området forbrukes energi for holde kroppstemperaturen oppe og i det røde området klarer kalven ikke selv å opprettholde riktig kroppstemperatur (modifisert etter Webster 1974)

Det kan være behov for ekstra energi i form av fôr til kalver som oppstalles i kalde omgivelser. Kalvenes behov for energi til å holde seg varm i ulike situasjoner må imidlertid utredes nærmere. Det har blitt utarbeidet beregninger av energibehovet til ekstra varmeproduksjon i kalde omgivelser av NRC (2001), men en studie av disse behovsnormene viste at de muligvis overvurderer energibehovet (Bakka og Volden 2004). Vi mener derfor at det trengs grundigere studier for å få NRC sine beregninger bekreftet. En praktisk anbefaling fra Canada for fôring av kalv som oppstalles ute er å øke tildeling av melkeerstatning med 2% for hver grad temperaturen faller under 5 °C (Ontario Veal Association 2007). Dersom man øker melkemengden, må man følge nøye med på kalvehelsa og gjøddelskonsistens hos dyra.

6.7 Bruk av kalven - økonomi

Målet med kalvefôring er å få fram ein frisk kalv i god vekst og som utviklar seg til ein stabil drøvtyggar. Det har stor økonomisk verdi. I første omgang må ein ta mest omsyn til fysiologiske forhold hos kalven. Når kalven vert eldre, kan ein ta meir omsyn til økonomi. Dersom ein er i tvil om kva som er viktigast, skal ein alltid ta mest omsyn til behova hos kalven. Det vil som regel vera mest lønsamt på sikt. Men bruken av kalven skal planleggjast tidleg. Ein oksekalv som skal brukast i eit

intensivt opplegg bør vera minst 10 kg tyngre ved tre månaders alder enn dyr som skal på beite.

Alt etter storleik og tilvekst går det med 160-190 FEm til å fôra ein kalv frå fødsel til 3 månaders alder. Dette utgjer 5 -8 % av det totale energibehovet for å fôra fram ein okse til slakt eller ei kalveferdig kvige.

Det har lite for seg å finrekna på kostnader i kalvefôringa, når framfôringsalder på oksar (utan bruk av beite) er 18 månader eller innkalvingsalder hos kvigene er 27 månader.

Når ein skal vurdera økonomien i kalvefôringa, er det nokre spørsmål som ofte blir reist:

- Val av fôringssystem. Amming, fôringsautomat for 20-30 kalvar, kalvebar for 4-10 kalvar, individuell speneflaske eller bøtte. Alle metodar kan gi tilfredsstillande kalvar. **Amming** i form av ei ku med fleire kalvar eller ei ku som delvis blir amma og mjølka er mest naturleg for kalven. Det kan gi visse utfordringar med logistikk og helse. Kostnader må settast til produksjonskostnader for mjølka. **Fôringsautomat** krev høg investering (kr 60-80 000). Fôringsmåten er rasjonell, men kalibrering av mjølkemengder, kontroll og vedlikehald av utstyret er eit absolutt krav. Smittespreiing i store kalvegrupper kan vera ei ulempe. Dersom investering er sett til kr 70 000, vedlikehald årleg til kr 1000, levetid på 10 år og renter på 7 % p.a., vil det kosta 600 kr per kalv i ein buskap med 20 kalvar. **Kalvebar** er eit billig alternativ, gir god kontroll med kalvane, lett å halda reint, men metoden krev meir arbeid. Pris på ein kalvebar er frå 800- 1500 kr (5-10 smokkar). Kalvebaren kan brukast i mange år, med det er behov for å skifta ut smokkar ofte. Kostnader per kalv per år vil likevel bli langt mindre enn ved bruk av fôringsautomat.
- Innkjøp av mjølkeerstatning for å "spara" mjølk til å fylla kvoten. Alle kalvar bør få heilmjølk til fire vekers alder. Mjølkeerstatning kostar i dag (mars 2010) ca kr 2,30 til kr 2,80 per liter (115 g pulver per l). Dersom ein reknar at erstatningsmjølk har 20 % lågare næringsverdi enn heilmjølk per liter, vil prisen vera frå kr 2,90 til 3,50 per liter. Denne kostnaden kan ein så samanlikna med produksjonskostnader for heilmjølk.
- **Avvenningsalder** i forhold til å spare mjølk til å fylla kvoten. Kalven bør ha mjølk til minst 6 vekers alder eller til han et minst 0,75 kg kraftfôr om dagen. Det er ikkje lønsamt å redusera avvenningsalderen utan å sikra at kalven veks godt. Kalven må kunna få i seg så mykje næring at han veks minst 600 g per dag den første månaden etter avvenning. Tidleg tilgang på tidleg hausta og velberga grovfôr og smakleg kraftfôr stimulerer til dette.
- Val av **kalvekraftfôr eller ku-kraftfôr**. Kalvekraftfôret er spesielt tilpassa næringsbehov hos kalv (protein, mineral og vitamin) og inneheld smaklege fôrmiddel. Men lagringstida kan vera lenger enn kukraftfôr. I små buskapar med avvenning frå mjølk i 2-3 månaders alder for vanleg oppdrett, er fersk kukraftfôr til kalv tilfredsstillande. I store buskapar med avvenning ved to

månaders alder eller tidlegare og når ein satsar på intensiv kjøtproduksjon bør ein bruka kalvekraftfôr til tre månaders alder. Følg tilråding frå fôrprodusenten.

- **Alder ved sal av kalven.** Fleire mjølkeprodusentar spesialiserar seg og sel kalven til storfekjøttprodusentar. Ut frå dansk mønster med "kvigehotell" kan det i framtida bli meir aktuelt at mjølkeprodusenten også set bort oppal av kvigekalven til spesialistar. Livdyravdelinga i Nortura ynskjer at kalven er 3-4 månader ved omsetting, avvendt frå mjølk og godt utvikla drøvtyggar. Kalven er då meir robust og toler større miljøskifte. Det er aukande interesse hos enkelte mjølkeprodusentar å kvitta seg med kalven så snart som praktisk råd, gjerne ved 2 vekers alder. Kalven er då var for miljøskifte, og han må framleis få mjølk i rasjonen. Slik omsetting skal skje direkte mellom to bruk som kjenner godt til kvarandre helst med kort transportavstand. Tilgang og etterspørsel på kalv vil avgjera prisen framover i tillegg til verdi av okseslakt eller verdi av kvige. Minstepris på spedkalv ligg i 2010 på ca 1500 kr. Ved omsetting av kalv skal seljaren fylla ut eigenerklæring på dyret. Men ved flytting av kalv mellom landsdelar, er det krav om helseattest etter gransking av dyrlege.

7.0 Oppsummering

Bakgrunn for arbeidet i gruppa var å vurdera norske normer for næringsbehov til kalv og koma med praktiske råd om fôring av kalv med vekt på mjølkefôringsperioden.

Målet med kalvefôringa er å utvikla spedyret til ein stabil drøvtyggar i god vekst. Fôringa skal også ta omsyn til naturlege behov hos kalven og skapa tillit til røktaren. Di yngre kalven er, di meir er det fysiologien som bestemmer fôringa. Når kalven blir eldre, kan ein ta meir omsyn til økonomi og kva kalven skal brukast til.

Friske kalvar med nok plass veks etter den næringa dei får. Normer for næringsbehov er vurdert av arbeidsgruppa og presentert i Tabell 4.1 for energi (MJ) og protein (ford. råprotein). Behov for mineral, vitamin og vatn er også vurdert. Normer er eit gjennomsnittstal for behovet, men det er store genetiske og individuelle variasjonar frå kalv til kalv.

Arbeidsgruppa har kort omtala ulike typar mjølkefôr og måtar å fôra kalven på. Amming er naturleg for kalv og andre pattedyr, men dei fleste kalvar på mjølkebruket blir fôra frå bøtte, kalvebar eller fôringsautomat. Spenefôring blir tilrådd fordi det dekkar sugebehovet hos kalven og reduserer skadeleg suging på andre kalvar. Det er gunstig med små grupper av kalv dvs. 4-6 kalvar per bingje.

Arbeidsgruppa har presentert eksempel på fôrplanar til bruk i praksis. Men generelle fôrplanar må alltid tilpassast den enkelte buskapen. Kalven skal ha kvalitetssikra råmjølk (minst 2 liter eller så mye den vil drikke) innan to timar og fôring etter appetitt det første døgnet. Alle kalvar skal ha heilmjølk til fire vekers alder. Moderate mengder mjølk (5-6 l/dag) stimulerer kalven til å eta kraftfôr og grovfôr. Ved avvenning før 6 vekers alder, kan appetittfôring av syrna mjølk

brukast. Når ein gir mjølk i porsjonar, bør mengda ikkje vera større enn 0,5 l per 10 kg levande vekt per mål. I fôringsautomat bør minimumsrasjonen per gang vera 1,5 l. Mjølk frå kyr med mastitt eller mjølk med medisinrestar er ikkje høvelig fôr til kalvar. Overgang frå heilmjølk til mjølkeerstatning skal skje gradvis over minst ei veke. Ved avvenning bør mjølkemengda trappast ned over 14 dagar for å letta overgangen til grovfôr og kraftfôr. Når alle kalvane i bingen et minst 0,75 kg kraftfôr kan ein avslutta mjølkefôringa.

Godt tilsyn med den enkelte kalven er avgjerande for resultatet. Tiltak for å førebygga eller behandla sjukdom må settast inn så snart som råd.

8.0 Referanser

Agabriel, J., Meschy, F. 2007. Alimentation des veaux et génisses d'élevage. In INRA. Alimentation des bovins, ovins et caprins. Besoins des animaux – Valeurs des aliments. Tables Inra 2007. Quæ Editions. 75-87.

Bakka, S., Volden, I. L., 2004. Kalveoppdrett utendørs – energibehov, fôropptak og tilvekst. Bacheloroppgave Høgskolen i Nord-Trøndelag, 50 s.

Berg, J., Matre, T. 2001. Produksjon av storfekjøtt. Landbruksforlaget, Oslo, 198 s.

Blum, J. W., Hadorn, U., Sallmann, H. P., Schuep, W. 1997. Delaying colostrum intake by one day impairs plasma lipid, essential fatty acid, carotene, retinol and α -tocopherol status in neonatal calves. J. Nutr. 127:2024-2029.

Blättler, U., Hammon, H. M., Morel, C., Philipona, C., Rauprich, A., Rome, V., Le Huërou-Luron, I., Guilloteau, P., Blum, J. W. 2001. Feeding colostrum, its composition and feeding duration variability modify proliferation and morphology of the intestine and digestive enzyme activities of neonatal calves. J. Nutr. 131:1256-1263.

Bondi, A. A. 1987. Animal Nutrition. John Wiley and sons, New York, 540 s.

Bøe, K., Havrevoll, Ø. 1988. Innredninger og spenefôringsystemer til kalver. Del 1: Produksjonsresultater og helse. IBT-rapport nr 249. Institutt for bygningsteknikk, Norges landbrukshøgskole, 26 s.

Capuco, A. V., Dahl, G. E., Wood, D. L., Erdman, R. A. 2001. Effects of added rumen undegraded protein (RUP) and bovine somatotropin (bST) administration on mammary gland growth rates in prepubertal dairy heifers. J. Dairy Sci. 84 (Suppl 1) 224-225.

Capuco, A. V., Erdman, R., Dahl, G., Meyer, M., VanAmburgh, M. 2003. Heifer nutrition- prepubertal growth and development. Proceedings 50th Maryland nutrition conference for feed manufacturers and 1st Mid-Atlantic nutrition conference March 27-28, 2003. 102-115

Corley, L. D., Stanley, T. E., Bush, L. J., Jones, E. W. 1977. Influence of colostrum on transepithelial movements of Escherichia coli. J Dairy Sci. 60:1416-1421.

Coverdale, J.A., Tyler, H.D., Quigley, J.D, III, Brumm, J.A. 2004. Effects of various levels of forage and form of diet on rumen development and growth in calves. J, Dairy Sci. 87:2554-2562.

Davis, C.L., Drackley, J.K. 1998. The Development, Nutrition, and Management of the Young Calf. Ames, IA, 50014. Iowa State University Press. 339 s

Engesland, M., Løkjel, K. 2010. Tidlig krøkes den som god melkeku skal bli. Buskap nr. 8:56-57.

Ferdowsi, N. E., Nikkhah, A., Rahmani, H.R., Alikhani, M., Mohammad, A.M., Ghorbani, G.R. 2010. Increased colostrum somatic cell counts reduce pre-weaning calf immunity, health and growth. J Anim Physiol Anim Nutr (Berl). 94:628-634.

Forskrift om hold av storfe. FOR 2004-04-22 nr 665:
<http://www.lovdata.no/for/sf/ld/xd-20040422-0665.html>
Oppdatert 06.08.10 Hentet 29.12.10

Foldager, J. 1993. Kalvens fodring og pasning. Intern rapport nr. 1 fra Statens Husdyrbrugsforsøg, Foulum, Danmark, 113 s.

Foldager, J., Gildbjerg, L. B., Refsgaard Andersen, H. 1986. Forskjellige mælkemengder og fravænningskriterier til spædkalve. Statens Husdyrbrugsforsøg, Meddelse nr 615. 4 s.

Foldager, J., Krohn, C.C., Mogensen, L., Meldgaard Hansen, A. 1997. 4. Mælkemængde i kalveperioden og den senere produktion. I Intern rapport nr. 83, Opstaldning af kalve og ungdyr – indflydelse på velfærd, sundhed og produktion. Bilag til temamøde onsdag den 15. januar på Forskningscenter Foulum, Statens Husdyrbrugsforsøg, s. 24-32.

Foley, J. A., Otterby, D. E. 1978. Availability, storage, treatment, composition and feeding value of surplus colostrum: A review. J. Dairy Sci. 61:1033-1060

Fôrtabell 2008. Fôrtabell. Institutt for husdyrfag og akvakulturvitenskap og Mattilsynet. <http://statisk.umb.no/iha/fortabell/> Oppdatert 31.01.07 Hentet 04.12.09

Grøndalen, T., Gjestang, K.-E., Matre, T., Simensen, E. 1984. Godt miljø – friske kalver. Landbruksforlaget, Oslo, 142 s.

Grøndahl, A.M., Skancke, E.M., Mejdell, C.M., Jansen, J.H. 2007. Growth rate, health and welfare in dairy herd with natural suckling until 6-8 weeks of age: a case report. Acta Vet. Scan., 49:16-21.

Gulliksen, S. M., Lie, K.I, Sølverød, L., Østerås, O. 2008. Risk factors associated with colostrum quality in Norwegian dairy cows. J. Dairy Sci. 91:704-712.

Gulliksen, S. M., Lie, K.I, Østerås, O. 2009a. Calf health monitoring in Norwegian dairy herds. *J. Dairy Sci.* 92:1660-1669.

Gulliksen, S. M., Jor, E., Lie, K.I, Hamnes, I.S., Løken, T., Åkerstedt, J., Østerås, O. 2009b. Enteropathogens and risk factors for diarrhea in Norwegian dairy calves. *J. Dairy Sci.* 92:5057-5066.

Gulliksen, S.M. 2009c. Why is raising healthy dairy calves a challenge and how can it be achieved. Trial lecture for the degree of PhD. Norwegian School of Veterinary Science.

Hansen, H. S. 2007. Can we estimate the immunity of calves? In Hansen (Ed). Proceedings from the conference Calf Management, Steinkjer, Norway 20-22 June 2007. Nord-Trøndelag University College, 31-36

Hanson, M. 2002. How to prevent pneumonia. *Dairy Herd Management.* 39:42-47.

Havrevoll, Ø. 1984. Forsøk med bakteriologisk og kjemisk surning av mjølkeerstatningar. Fellesmelding frå Institutt for husdyrernæring, NLH, Meld. Nr 218 og Statens Kornforretning. Melding nr 64 om forsøk, 66 s.

Havrevoll, Ø. 1987: Bøtte- og spenefôring av kalvar. *Norsk landbruksforskning* 1: 189-206.

Havrevoll, Ø. 2009. Fôring av kalv. Kursnotat og presentasjon ved Regional helsetenestekurs om fôring av kalvar, Store Ree, Stange 27.08.09.

Heinrichs, A. J., Jones, C. M. 2003. Feeding the new born dairy calf. Penn State, College of Agricultural Sciences Agricultural Research and Cooperative Extension, USA. <http://pubs.cas.psu.edu/FreePubs/pdfs/ud013.pdf> Hentet 28.12.10

Helsetjenesten for storfe, 2000. Ta vare på kalven – Framtida i fjøset. Fagperm frå Helsetjenesten for storfe. TINE Produsentrådgivning, Postboks 1431 Ås, 109 s.

Homb, T. 1981. Produksjon av storfekjøtt. Kvalitet og fôring. Landbruksforlaget Oslo. 128 s.

Homb, T. 1960. Kalvefôring med lite melk. Norges Landbrukshøgskole, Fôringsforsøkene. 100. beretning, 58 s.

INRA. 2007. Alimentation des bovins, ovins et caprins. Besoins des animaux. Valeurs des aliments Tables Inra 2007. Quae, Paris

Jasper, J., Weary, D. M. 2002. Effects of ad libitum milk intake on dairy calves. *J. Dairy Sci.* 85:3054-3058.

Jensen, M.B. 2006. Computer-controlled milk feeding of group-housed calves: The effect of milk allowance and weaning type. *J. Dairy Sci.* 89:201-206

Kesler, E.M. 1981. Feeding mastitic milk to calves: review. *J Dairy Sci.* 64:719-723.

Kocak, Ö., Günes, H. 2004. Development traits of calves with dried hay added to their rations at different periods. *J. Fac. Vet. Med. Istanbul Univ.* 30:113-119.

Korhonen, H., Marnila, P., Gill, H.S. 2000. Milk immunoglobulins and complement factors. Review. *Br J Nutr.* 84 Suppl 1:75-80.

Landsudvalget for kvæg. 1999. Danske fodernormer til kvæg. Rapport nr 84. <http://www.landbrugsinfo.dk/Kvaeg/Filer/rap84fri.pdf>. Hentet 10.02.10

Langford, F.M., Weary, D.M., Fisher, L. 2003. Antibiotic resistance in gut bacteria from dairy calves: a dose response to the level of antibiotics fed in milk. *J Dairy Sci.* 86:3963-3966.

Lesmeister, K.E., Heinrichs, A.J. 2004. Effects of corn processing on growth characteristics, rumen development, and rumen parameters in neonatal dairy calves. *J. Dairy Sci.* 87:3439-3450.

Liberg, P. 2001. En god start forlenger livet – gi kalven råmelk av god kvalitet. Referert av K. Plum Forshell, Helsetjenesten for storfe. <http://storfehelse.tine.no>. Hentet 05.06.2002

Loberg, J. M. 2007. Behaviour of foster Cows and Calves in Dairy production. Acceptance of Calves, Cow-Calf Interactions and Weaning. Doctoral thesis, Swedish University of Agricultural Sciences, P.O Box 234, SE-532 23 Skara. 48 s.

Losinger, W. C., Heinrichs, J. 1997. Management practices associated with high mortality among preweaned dairy heifers. *J. Dairy Res.* 64: 1-11.

Matre, T. 1982. Kalvehelsa og fôringsmåten. Særtrykk nr 560, Institutt for husdyrernæring, Norges landbrukshøgskole, 4 s.

McDougall, S., Parker, K.I., Heuer, C., Compton, C.W. 2009. A review of prevention and control of heifer mastitis via non-antibiotic strategies. Review. *Vet Microbiol.* 134:177-185.

McGuirk, S.M., Collins, M. 2004. Managing the production, storage, and delivery of colostrum. Review. *Vet Clin North Am Food Anim Pract.* 20:593-603.

Nielsen, P.P. 2008. Behaviours Related to Milk Intake in Dairy Calves. Doctoral thesis, Swedish University of Agricultural Science, P.O. Box 234, SE-532 23 Skara, Sweden, 53 s.

Nielsen, P.P., Jensen, M. B., Lidfors, L. 2008. Milk allowance and weaning method affect the use of a computer controlled milk feeder the development of cross-sucking in dairy calves. *Applied Animal Behaviour Science* 109:222-236.

Normann, E. 1987. Råmjölk för kalvens hälsa. Aktuellt från lanntbruksuniversitetet 360, Husdjur, 60 s.

NRC. 2001. National Research Council, Nutrient requirements of dairy cattle: Seventh revised edition. National Research Council. National Academy Press, Washington DC. <http://www.nap.edu/openbook.php?isbn=0309069971>. Hentet 030609

Nybø, K., Malmø, T., Simensen, E. 2003a. Hold fokus kalvens første levedøgn! Buskap Nr 6, 50-51.

Ontario Veal Association. 2007. Calfcare.ca. <http://www.calfcare.ca/>
Hentet 30.12.10

Rajala, P., Castrén, H. 1995. Serum immunoglobulin concentrations and health of dairy calves in two management systems from birth to 12 weeks of age. J. Dairy Sci. 78:2737-2744.

Roy, J. H. B., 1980. The Calf. Studies in the Agricultural and Food Science, 4th Edition, Butterwords, London, 442 s.

Sehested, J., Pedersen, R. E., Strudsholm, F., Foldager, J. 2003. Spædkalvens fordøjelsesfysiologi og ernæring. I Kvægets ernæring og fysiologi. Bind 2 – Fodring og production. Red. Finn Strudsholm og Kristen Sejrsen. DJF rapport Nr 54. Danmarks JordbrugsForskning, 9-38.

Sehested, J., Vestergård, M., Kristensen, N. B., Jensen, S.K. 2007. Effect of starch substitution in starter concentrate on ruminal pH and growth in young calves. In Hansen, H. S. 2007 (Ed). Proceedings from the conference Calf Management, Steinkjer, Norway 20-22 June 2007. Nord-Trøndelag University College, ISBN 978-82-7456-519-7.

Sejrsen, K., Foldager, J. 2003. Betydning af foderniveau og kælvingsalder for kviers ydelsekapacitet. DJF rapport nr 54. Kvægets ernæring og fysiologi. Bind 2 – Fodring og produktion. Danmarks JordbrugsForskning, 39-56.

Sejrsen, K., Purup, S. 1997. Influence of prepubertal feeding level on milk yield potential of dairy heifers: A review. J. Anim. Sci. 75: 828-835.

Skrøvseth, O. I., Matre, T. 1981. Forsøk med sur råmjølk til unge kalvar. Melding nr 207 Institutt for husdyrernæring, Norges landbrukshøgskole, 12 s.

Staley, T.E., Bush, L.J. 1985. Receptor mechanisms of the neonatal intestine and their relationship to immunoglobulin absorption and disease. Review. J Dairy Sci. 68:184-205.

Stott, G.H., Marx, D.B., Menefee, B.E., Nightengale, G.T. 1979. Colostral immunoglobulin transfer in calves I. Period of absorption. J. Dairy Sci. 62:1902-1907

Thivend, P., Toullec R., Guilloteau, P. 1979. Digestive adaptation in the preruminant. In: Ruckebusch, Y. and Thivend, P. (eds.): Digestive Physiology and Metabolism in Ruminants . MTP Press Limited, Lancaster, England, 561-585.

Tine 1998. Mjølkefôr til kalv, lam og kje. (Manuskript: Øystein Havrevoll). Tine Produsentrådgivning, 1430 Ås, 11s.

TINE, 2010. TINEs regelverk om bedømmelse og betaling av leverandørmelk etter kvalitet. Gjeldende fra 01.05.2010. <http://medlem.tine.no/trm/tp/binary?id=25608> . Oppdatert 14.10.10. Hentet 23.10.10.

TINE Rådgiving 2010. Godt kvigeoppdrett. www.medlem.tine.no Henta 01.10.10. 8 s.

Tyler, J. W., Hancock, D.D., Thorne, J.G., Gay, C.C., Gay, J.M. 1999. Partitioning the mortality risk associated with inadequate passive transfer of colostral immunoglobulins in dairy calves. J. Vet. Intern. Med. 13:335-337.

van Soest, P. J. 1972. Nutritional ecology of the ruminant. Cornell University, O & B Books, Inc, USA. 374 s.

Wattiaux, M. A. 2003. Heifer raising - birth to weaning. 32) Pneumonia. Dairy Essentials, Babcock Institute for International Dairy Research and development, University of Wisconsin- Madison. <http://babcock.cals.wisc.edu/de/pdf>. Hentet 06.01.03

Webster, A.J.F. 1974. Heat loss from cattle with particular emphasis on the effects of cold. In: J.L. Monteith and L.E. Mount, Editors, Heat Loss from Animals and Man, Butterworth, London 205-223.

Wittum, T. E., Perino, L.J. 1995. Passive immune status at postpartum hour 24 and long-term health and performance of calves. Am. J. Vet. Res. 56:1149-1154.